

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 24/21. Småviltjakta i statsallmenningen 2020 – startdato, tal jaktkort, dagskvote

Saksopplysning/vurdering

I statsallmenningen har det dei tre siste åra vore jaktstart for småviltjakta 25. september, slutt på rypejakta til jul, og harejakt fram til utgangen av februar. I ei rekke år før dette hadde ein jaktstart 1. oktober. Grunnen til litt tidlegare jaktstart dei siste åra, var erfaringar med mykje nysnø i byrjinga av oktober, som kunne føra til at jegerar som hadde kjøpt jaktkort ikkje kom seg på jakt. Det kan skje i september òg, men truleg er sjansane litt mindre då for at dette skjer. God rypeproduksjon i 2018 var og med på å leggja grunnlaget for tidlegare jaktstart det året. Rypeproduksjonen i 2019 vart mykje därlegare, slik at ein god del av rypene som vart skotne under jakta då truleg var vaksen fugl. I fjor var det knapt nokon oppgang i produksjon og jaktuttak, sjølv om mange område omkring oss meldte om dette. Alle opplysningar om kortsal og jaktuttak finn dei siste 8-9 åra finn ein i årsmeldinga for 2020. No er me truleg på det stadiet i syklusen der me kan rekna med eit nytt rypeår kring middels, dersom tilhøva under og etter klekking vert gode. Talet på jaktkort som har vorte selde til utanbygds jegerar har vore det same dei to siste åra; 90 kort, fordelt på 1-, 2-, 3-dagarskort, vekekort og sesongkort. I fjor vart 15 av desse korta selde gjennom Steinbergdalshytta etter avtale med innehavaren, resten (75 kort) vart selde gjennom Inatur. Fjellstyrekontoret sel kort til innanbygdsbuande jegerar. Desse kan teljast på ei hand.

Nokre år har fjellstyret gjort vedtaket om jakttid og dagskvote før sommaren, og venta med å gjera vedtak om tal jaktkort som skal leggjast ut for sal til august, etter at ein gjennom observasjonar frå oppsyn m.fl. har fått gjort seg opp ei mening om korleis sommaren har vore m.ot. kjuklingproduksjon. Eg vil førselå at fjellstyret i år tek med talet på jaktkort som skal seljast i vedtaket sitt, og eventuelt gjer ei ny vurdering av dette i august, dersom det skulle syna seg å vera naudsynt - t.d. ved ekstremt få registrerte kull. Eg meiner både jakttid og dagskvote på rype kan vera som det har vore dei siste to åra.

Fjellstyret har i sak 40/20 sett av inntil 10 todagars kort til deltakarane i NJFF Sogn og Fjordane sitt rypejaktkurs for jenter. Kva det reelle talet vert, avheng av påmeldinga. Eg vil føreslå at desse kjem i tillegg til det talet på kort som no vert vedteke lagt ut for sal.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 24/21, side 2.

Framlegg til vedtak:

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for jaktåret 2021/2022 vert 25.9. – 23.12. Jakt på hare kan i tillegg føregå i tida 1.1. – 28.2. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til 2 ryper per jeger (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).
- Talet på kort som vert lagde ut for sal til utanbygdsbuande jegerar vert sett til 90, fordelt slik:
 - 25 dagskort
 - 25 todagarskort
 - 20 tredagarskort
 - 10 vekekort
 - 10 sesongkort

Derom det vert gjort avtale om sal av kort gjennom turistbedrifter, vert talet på kort selde gjennom Inatur redusert tilsvarande (jaktkort til kursdeltakarane på rypejaktkurs for jenter vert ikkje rekna med her). I tillegg til tala ovanfor, kjem sal av jaktkort til innanbygdsbuande jegerar gjennom fjellstyrekontoret. Fjellstyret kan, om naudsynt, gjera ei ny vurdering i august av kor mange jaktkort som skal seljast.

Fjellstyrekontoret, den 3.6.21

Harald Skjerdal